



PÅ RESTAURANT: Ein søndag i 1945 bestilte seks ungdomar ei flaske brus og seks glas på Fløyrestauranten. Foto: Svein-Magne Tunli

” Me fann ut at me kunne spleisa på ei flaske brus

— Min barndomshimmel var høg og vid, seier **Solveig Lohne.** Med humor og fargerik penn deler Osterøykvinnna frå tid til anna sine barndomsminne med Bygdanytt-lesarane.



Solveig Lohne
Gjesteskribent

TURISME I MIN spede ungdom var ikkje so framtrudande og mykje å skriva om, men ei og anna perle som feriemål fanst hjå omtrent alle. Kor lang turen vart, var so forskjellig. Det kunne vera ein tur til Nilla og Johan på Kleppe, eller med ho mor til Fana. Det var like kjekt begge deler. Eller me kunne ta ein tur til Hartveitsætra eller Solbjørgsætra. Folk var rause, dei lånte so gjerne bort sæterhuset nokre dagar.

EIN TUR EG gjerne vil fortelja om var ein søndagstur i 1945. Me var ein liten gjeng ungdomar som førebudde oss på ein tur til Bergen by. Tidleg søndag morgon stod fleire av oss oppstille i Gudmensgarden og venta på rutebilen. Det heitte ikkje buss i den tida, men rutebil. Kor mykje den heldt tida er no det same.

OM ME LA øyra heilt nedåt vegen, godt nedi grusen, kunne me kjenne når rutebilen kom i Nordgarden.

Då var det å kosta av oss og pussa oss litt på håret, me var so fine at det var ei gru. Det var rart å koma til byen ein tidleg søndag formiddag, med folketomme og billause gater. Me kunne rett og slett sprada midt i gata utan å risikera liv og helse. Mat hadde me med oss. Me eigde ikkje gods og gull. Eg hadde med meg stompekaker med sukker på, elles var det fronsekaker, eller trauste tjukke skiver med flesk på.

SOM SAGT hadde me rikeleg med mat med oss, men ikkje drikke, det skulle me kjøpa på kafé. Kafévalet var ikkje det billegaste, nemleg Fløyrestauranten. Me hadde ikkje mange pengar att då billettane var betalte, men fann ut at me kunne spleisa på ei flaske brus. Det vart ikkje mange dropane på kvar, me var seks personar. Det var vel det mest utrulege besøket Fløyrestauranten har hatt.

HER ER EIT bilete av seansen: Eksteriøret var i orden for oss alle. All den tid eg ikkje var konfirmert, so hadde eg ikkje vaksne sko, men dei var slett ikkje verst dei eg fekk låna hjå søstra mi. Dei var av fiskeskinn, trebotnar som på grunn av småledd kunne bøyast. Men etter som tida gjekk og det la seg småstein

mellom ledda, var det liksom skottuppane peikte oppover. Pytt, pytt.

EIN ANNAN ting var matpakkene, trauste og store i grått innpakningspapir. Kelneren kom, kvit handduk over armen, bukka og var veldig høfleg. Såg over miserabelet, sukka og resignerte fullstendig då han såg livets trivialitetar. Tenkte vel sitt då me bestilte ei flaske brus og seks glas. Han fekk ein liten papirpeng, litt meir enn brusen kosta. Me var frykteleg nervøse for om me fekk vekslepengar att. Han såg nok vår nød, kom høfleg med nokre slantar på eit sølvfat.

ETTER TUREN til Fløyen var me i byparken. I musikkpaviljongen sat ein svart mann - negeren i byen. Me glodde openlyst - dette var sterk kost.

SO KJEKT Å vera turist, alle slike småting er med på å forma den enkelte av oss. Me kan nok tolka opplevingane på kvar vår måte. Det var slik for mange på den tida. Me var som ungdomar flest, det var den spede byrjinga på livet og feriens gleder.